



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

VÅGÅ KOMMUNE
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ

Vår dato: 11.12.2025
Vår ref.: 202525082-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2025/745

Sakshandsamar: Trine Økseter
Knudsen, trkn@nve.no

NVEs generelle uttale - Varsel om oppstart av planarbeid - Detaljreguleringsplan Grindstugulego, Vågåmo - Planid. 34350017 - Vågå kommune

Vi viser til varsel om oppstart 09.12.2025.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle rettleiing

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine nettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 er skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredningar](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne dato. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredningar - NVE](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Trine Økseter Knudsen
Seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

VÅGÅ KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I INNLANDET



VÅGÅ KOMMUNE
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Svar på høyring - oppstart - reguleringsplan - Vågå - detaljregulering - Grindstugulego - 34350017

Vi viser til oversending av 9. desember 2025 med varsel om oppstart av detaljregulering for Grindstugulego i Vågå kommune.

Bakgrunn

Planområdet ligg sentralt i Vågåmo og er om lag 7 dekar stort. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av seniorbustader/omsorgsbustader ved fortetting i området Grindstugulego. Planområdet ligg innanfor plangrensa for igangsett arbeid med områderegulering for Vågåmo for heilskapleg sikring mot flaum og flaumskred. Fortettingsprosjektet i Grindstugulego var tenkt planavklart gjennom denne områdereguleringa, men på grunn av forseinkingar i planarbeidet har kommunen starta eit eige arbeid med detaljregulering for prosjektet.

Detaljreguleringa er i tråd med kommuneplan for Vågå 2017- 2027, som blei vedteken i 2017. Kommunen vurderer at planen ikkje utløyer krav om planprogram eller konsekvensutgreiing.

Statsforvaltaren sine innspel

Vi viser til [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#), og føreset at relevante føringar her blir lagt til grunn for planarbeidet. Vi minner òg om at planforslaget spesielt må ta omsyn til nasjonale mål og føringar når det gjeld:

- Korleis leggje til rette for medverknad i planprosessen, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova
- Reduksjon av klimagassutslepp, og omlegging til miljøvenleg energi, jf. statlege planretningsliner for klima og energi
- Tilpassing til klimaendringar, jf. statlege planretningsliner for klima og energi
- Vurdering av verknader for naturmangfald etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12, jf. § 7
- Universell utforming av uteareal og bygningar, jf. § 1-1 i plan- og bygningslova
- Kartlegging av og sikring mot støy, jf. retningsline T-1442/2021
- Sikring av miljømessig forsvarlege fellesløysingar for avlaup og vassforsyning
- Forsvarleg massehandtering jf. forureiningslova og heilskapleg masseforvaltning jf. nasjonale forventningar og statlege planretningsliner for klima og energi



- God by- og stadutvikling, jf. statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet

For meir informasjon om krav til planprosess og rettleiing til plandelen av plan- og bygningslova, sjå [Regjeringa si temaside om planlegging](#).

Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleik- og beredskapsmessige forhold skal ivaretakast i reguleringsplanen på grunnlag av risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. plan- og bygningslova §§ 3-1 bokstav h og 4-3. Vi føreset at Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-5/18 – Samfunnstryggleik i planlegging og byggjesaksbehandling blir lagt til grunn.

Risiko- og sårbarheitsanalysen skal utarbeidast i tråd med rettleiaren Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen må sikre at planområdet er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe, og at tiltak ikkje fører til fare eller vesentleg ulempe for grunnen, jf. plan- og bygningslova § 28-1. Vi føreset at føringar gitt i lovverk og forskrifter blir overhaldne.

Plankart

Statsforvaltaren føreset at plankart blir utforma i samsvar med KDD sin [lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova \(2022\)](#), gjeldande nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister, og gjeldande utvekslingsformat for SOSI Plan. For meir informasjon om dette, viser vi til [Kartverket si nettside om planregister](#).

Regionale styresmakter nyttar kartløyninga InnlandsGIS i planarbeidet, og denne blir synkronisert mot arealplanar i kommunen si kartløyning kvar dag. Vi føreset derfor at plankartet blir lagt inn i kommunen si kartløyning seinast når planen blir lagt ut på høyring.

Med helsing

Øyvind Gotehus (e.f.)
avdelingsdirektør

Jostein Tostrup
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune

Pb. 4404

2325

HAMAR

Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan

Vågå kommuneVågå kommune
Edvard Storms veg 2

2680 VÅGÅ

Dykkar ref:
2025/745

Vår ref:
2025/23984-2
Hanne Thingstadberget, plan
May-Tove Smiseth, kulturarv, arkeologi
Kaisa Heidsve, kulturarv, bygg og landskap
Mette Bjørnsen Saur, samferdsel

Dato:
13.01.2026

Svar ang. varsel om oppstart av planarbeid - PlanID 34350017 - Detaljregulering for Grindstugulego - Vågå kommune

Vi viser til oversending frå Dykk ved brev dagsett 09.12.2025, med svarfrist 11.01.2026. Saka gjeld varsel om oppstart av planarbeid, PlanID 34350017, Detaljregulering for Grindstugulego, Vågå kommune.

Bakgrunn

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bygging av seniorbustader/ omsorgsbustader ved fortetting i området Grindstugulego. Planområdet Grindstugulego er i kommuneplanen avsett til bustadformål.

Planområdet ligg i eit etablert bustadområde. På dei to tomtene gnr. 66 bnr. 1 fnr. 110 og 96, som Vågå kommune festar av Allstad AS, er det i dag til saman tre kommunale tomannsbustader som vil bli sanert. Det er dialog med eigar av gnr. 66 bnr. 1 fnr. 104 om kjøp av denne eigedommen som er inkludert i planområdet. Delar av eigedommen gnr. 66 bnr. 1 inngår også i planområdet. Dette arealet er ikkje opparbeidd, og det ligg kommunal infrastruktur i grunnen her. Arealet er i reguleringsplan for Vågåmo Vest regulert som friområde, men er i seinare vedteken kommuneplanens arealdel avsett til bustadformål.

Fylkeskommunen si rolle

Vår fråsegn er grunngjeve ut frå vårt rettleiingsansvar (pbl. § 3-2) og samfunnsutviklarrolla vår med ansvar for å bidra til ei heilskapleg og ønskt utvikling gjennom planlegging i Innlandet fylke, samtidig som me også skal vareta vårt faglege ansvar som styresmakt på utvalde område. Dette omfattar både nasjonale og regionale mål og omsyn på område som; kulturarv, samferdsel, trafikktryggleik, kollektiv, gåing og sykling, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SBATP), stadutvikling, friluftsliv, interessene til barn og unge, vilt, villrein, vassmiljø, ferskvassfisk og universell utforming.

Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar som vegeigar og forvaltar av fylkesvegane i Innlandet, samtidig som me også skal forvalta eigedommar i kraft av å vera grunneigar.

Fylkeskommunen sine innspel

Plan

Innlandet fylkeskommune vurderer formålet med planarbeidet i tråd med sentrale mål for samfunnsutviklinga. Å leggja til rette for senior- og omsorgsbustader gjennom fortetting i eit etablert bustadområde svarer direkte på både demografiske endringar, behovet for meir tilpassa bustader og ønsket om berekraftig arealbruk.

Plasseringa i eit etablert bustadområde med nærleik til infrastruktur og tenester gir gode føresetnader for eit aldersvennleg bumiljø, der bebuarane kan bu trygt og sjølvstendig over tid og det vil kunne styrke lokal stadsutvikling.

Planprosessen skal vidare gjennomførast med grunnlag i overordna lov- og planverk. Dette inneber mellom anna at regionale planar og strategiar leggjast til grunn for arbeidet og blir innarbeidde i planforslaget, og at føresegner i kommuneplanens arealdel blir førte vidare der det er relevant. Vi viser [til gjeldande planar for Innlandet fylke](#).

Fylkeskommunen føreset at omsynet til infrastruktur som veg/vann/avløp, landskapspåverknad, universell utforming, barn og unges interesser, folkehelse, støy, uteopphaldsareal og leikeplassar, samt medverknad, vert ivaretekne i planarbeidet.

Kulturarv

Automatisk freda kulturminne

Ut frå våre arkiv kjenner vi ikkje til at tiltaket vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har heller ikkje oppdaga spor i bakken som kan vera slike kulturminne i høgdedata (LIDAR) i det aktuelle området. Det er derfor ikkje nødvendig å foreta arkeologisk synfaring i saka. Det må likevel visast til varslingsplikt etter kulturminnelova § 8, andre ledd i føresegnene til planen. Vi tilrår følgjande tekst:

«Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyremaktene i Innlandet fylkeskommune slik at vernestyremaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette».

Kulturarv, bygg og landskap

Omsynet til omgjevningane er viktig, og det bør leggjast vekt på materialbruk, val av farge og elles arkitektonisk utforming. Stadtilpassing er avgjerande for eit godt sluttresultat, og bør prioriterast i vidare planlegging. Det er positivt at planutarbeidinga legg føringar for at dette er med i vurderinga rundt utforming, og særleg når det skal utforskast med byggjehøgder. Ut over dette har seksjon for kulturarv, bygg og landskap ingen merknader til reguleringsendringa.

Samferdsel

På grunn av manglende saksbehandlarkapasitet har ikkje Innlandet fylkeskommune vurdert denne saka samferdselsfagleg. Vi minner om at det i planarbeidet må varetakast følgjande der det er relevant:

- Det må gjerast tilstrekkelege fagkunnige veg-, trafikk- og trafikktryggingsmessige vurderingar. Vurderingane må inkludere alt vegnett som blir ramma av tiltaket, også utanfor planområdet. Nødvendige tiltak må takast inn i reguleringsplanen som rekkefølgjekrav. Nødvendige tiltak kan vere g/*s-veg, tilkomst frå fylkesveg, haldeplass m.v.
- For bustadområde må planforslaget sikre trygg skoleveg eller trygg tilkomst til haldeplass.
- Det skal ønskjast gode løysingar for gåande og syklande, både internt og heilskapleg for området.
- Planforslaget må sikre god by- og tettstadsutvikling, jf. statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

Med vennleg helsing

Kristin Ryen Reithaug
Seksjonssjef, plan

Hanne Thingstadberget
Seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Kopi til:

- STATSFORVALTEREN I INNLANDET
- STATENS VEGVESEN

Kolbjørn Høgåsen
Einar Sandbergs Veg 24 A
2614 Lillehammer
kolbjorn.hogasen@gmail.com
+4790261136

11.01.2026

939607706
Vågå kommune
2680 VÅGÅ

Tilbakemelding på 'Varsel om oppstart av planarbeid - detaljregulering for Grindstugulego'

Underteika Kolbjørn Høgåsen representerer dei 6 eigarane av naboieigedommen nord for den aktuelle tomta, nemleg Grindstugulego 6, 66/203.

Vi er sterkt negative til planlagt takhøgde på 12 meter og hus med tre etasjer.

Dette vil øydelegge mykje av vårt utsyn mot sør.

Takhøgde 12 meter bryt også med dei rammer som reguleringsplanen og kommuneplanen set for bustad, som er 9 meter. Som kommunen sjølv påpeiar.

Viss kommunen gjev seg sjølv dispensasjon til takhøgde over 9 meter vil det etter vår meining gje presidens for andre bustadbyggjarar i kommunen og dermed gradvis endre preget på sentrum med innslag av høge hus. Det er vi sterkt imot.

Vi ber derfor om at takhøgde på 9 meter og maksimalt 2 etasjer blir lagt til grunn. Vi vonar også sterkt at nybygg rett sør for vår eigedom blir lagt på sørsida av tomta, som i dag. Da plassering meir mot nord i større grad vil hindre utsyn frå vår tomt og solforhold for åkeren vår.

--

Helsing
Kolbjørn Høgåsen
Einar Sandbergs veg 24A
2614 Lillehammer
90261136
kolbjorn.hogasen@gmail.com